Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Mo

Emne: Beit og brom — Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland — Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk — G.nr. 63 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter far og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
andre på same alder. f. 1833.

SVAR

1. I gamal tid d. v. s. for 80 år sidan vart beit og ris i bruk. Her i Skafså mindre avdi her var sers gode hei-slåttor og folk nok so dei vart nytta fullt ut. Til beit bruka dei helst osp og ris av björk; men i beitekosten bruka dei ogso bar av toll og gran.

2. No brukar dei berre ris, og dei seier: å risa, risar, hev risa, skal risa. Nokon serskild slede har visst aldri vore bruka. Dei köyrde på höy- eller timmerslede.

3. Beit henta dei vistnok av og til heile vinteren. Ris vart bruka på vårkanten.

4. Når dei henta beit, bruka dei öks. Til ris brukar dei helst lauvkniv eller lauvhogg, seier vi her.



Lauvhogg. (eit lauvhogg)

5. Beit vart helst bruka til sau og geit; medan skavet vart helst

1373

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1373

bruka til kyrne. Skav av raun vart rekna best. Alm og lind finst nesten ikkje her no; men kan henda har det vore meir för; for vi har både Åmdal og Åmli som truleg har vore Almdal og Almeli. Vi seier åm her med lang å og ikkje alm. Her på Bergland står nokre åmar eller almar; men det finst snautt på Åmdal og Åmli no. Kanskje rudd ut ved skaving. Rauneskav vart halde gjævast. Det skulde gjeva meste og beste mjölka.

6. Har aldri höyrt at beitekosten låg ute på tunet. Sauene og geitene slepte dei ut for å eta i beitekosten. Då det var so mykje ulv hende det at han tok ei geit i beitekosten. Det hende her på garden medan far var gutunge. Her er eit gamalt rim om beit: Om laurdag tunet må rydjast vel, det kan hende belar om kvelden kjem. Me må rydja vekk bade beit og toll, so ikkje belane ramlar ikoll.

7. Har aldri höyrt noko om det. Det er sikkert over 70 år sidan dei slutta med beitekost her i bygdi.

1373



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING